Hjartdal kommune

Arkivsaksnr: 2022/974-1
Saksbehandlar::Tor Arne Hellkås

Høyring av forslag til ny lokal gebyrforskrift for reguleringsplan, byggje- og delesakshandsaming og oppmåling og eigarseksjonering

Saksnr	Utvalg	Møtedato
	Formannskapet	

Kommunedirektøren si innstilling:

Forslag til til ny lokal gebyrforskrift for reguleringsplan, byggje- og delesakshandsaming og oppmåling og eigarseksjonering sendes ut til høyring med høyringsfrist satt til 1.8.2022.

Vurdering:

Kommunedirektøren legg med dette fram forslag til ny lokal gebyrforskrift for reguleringsplan, byggje- og delesakshandsaming og oppmåling og eigarseksjonering.

Utgangspunktet for arbeidet har vore å utarbeide ein gebyrforskrift som på ein fleksibel måte klarer å spegle kommunens ressursbruk i dei einskilde sakene. Gebyrregulativet skal samtidig sørgje for å finansiere dei oppgåvene som kommunen etter lover og reglar er pålagt å utføre. Vidare har hensikta vore å lage eit regulativ som er mest mogleg rettferdig for alle tiltakshavarar, samtidig som utforminga av gebyrregulativet skal minimere rettmessige klagesaker på gebyra.

Arbeidet med gebyrforskrift har hatt til føremål å tydeleggjere de ulike oppgåvene kommunen har knytt til sakshandsaming etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova og kva for kostnader dette fører med seg. Det skal bli lettare for politikarane og publikum å bli opplyst om kommunens oppgåver og kva det vil koste.

Ein viktig del av oppgåvene med å utarbeide ny gebyrforskrift har vært å finne hensiktsmessige prinsipp og innretningar for den nye gebyrforskrifta. Videre har arbeidet bestått i å identifisere kostnadsdrivarar i sakshandsamingsprosessen, og knytte økonomiske variablar til dette. Dette gjerast for at det skal bli betre samsvar mellom kommunens faktiske ressursbruk og gebyret som fakturerast tiltakshavar.

Eit viktig prinsipp i gebyrstrukturen har vore å byggje opp regulativet slik at ein betaler for dei tenestene kommunen leverer i den enkelte saka, herunder å identifisera faktiske kostnadsdrivarar og sørga for eit breitt gebyrgrunnlag med låge satsar. Dette vil føra til ein meir formålstenleg fordeling av kostnadene. Det er føreslått innføring av nye gebyrtypar og at eksisterande saktypar differensierast på anna vis.

Kommunedirektøren visar til vedlagte høyringsbrev samt forslag til forskrift for ein detaljert gjennomgang av forskriftas nærmare innhald.

Konklusjon:

Kommunedirektøren vurderar at forslaget til ny lokal gebyrforskrift har vore gjennom ein grundig arbeidsprosess, og anbefaler at formannskapet sender forskrifta og høyringsbrevet ut på høyring med høyringsfrist satt til 1.8.2022.

Vedlegg:
1 Høyringsbrev_endeleg
2 Lokal gebyrforskrift_høyring_endeleg
Vedlegg:

1. Forslag til lokal gebyrforskrift
2. Høyringsbrev